

UTGJERSLO

Høgdemeter over havet: 160 m

Lengde: ca 1 km

Tid: 20-30 min- frå parkering ein veg

Gradering: Lett tur

Vegskildring: Kjør riksveg 7 mot Lussand, ca.14 km. Når du kjem ut av nye-tunnelen, må du køyre tilbake til Lussand og parkere langs utkøyning. Her står ei informasjonstavle til Kistenuten. Følg bratt grusveg opp, etter 3 minutt så kjem du til skogsvegen som er merka «*privatveg ferdsel på eige ansvar*». Det er skilta mot Utgjerslo, Hedler, Fossdal, Herdabreistølen og Kistenuten. No skal du følgje den bratte skogsvegen/ grusvegen heilt fram til husmannsplassen Utgjerslo. Her står det berre murar att. Du kan sjå plassen på høgre side av vegen, og det er mogleg å gå ein snarveg inn her, for å både sjå på plassen og for å gå i terrenget i staden for på skogsvegen. Det er verdt å gå innom og sjå denne plassen sjølv om berre murane står att. Her er og informasjon å lesa. Turkassa heng på eit tre øvst i denne vegen for at turen skulle bli noko lengre. Du kan gå ein veg opp, og ein veg ned att. Då går du stien opp og skogsvegen ned. Går du vidare kjem du rett opp til Hedlerfossen og Hedlerbrua, og stølen Hedler, der neste turkasse heng. Dette området er no rydda og har flott utsikt!

Skogsvegen fortset vidare til Kvilingasteinen og Fossdal. Dette er ein fin vartur!

Turtips 1: å vidare til Fossdal/ Lussandstølen og evt. over til Kvanndalsstølen

Turtips 2: Gå heilt opp til Herdabreistølen og Kistenuten!

Turskildringar ligg på heimesida til Granvin turlag: www.granvin-turlag.no

GOD TUR!

Granvin Turlag!